



Til:	Fakultetsstyret
Frå:	Dekanen
Sakstype:	Vedtak
Saksnr.:	V-sak 5
ePhorte:	2023/803
Møtedato:	13.06.2024
Notatdato:	04.06.2024
Saksbehandlar:	Aud-Jorunn Sandal

Oppnemning av medlemmer i fakultetet sitt valstyre for perioden 2024-2027

Bakgrunn

Fakultetsvalstyret skal oppnemnast av fakultetsstyret. Det samfunnsvitskaplege fakultet valde hausten 2023 nytt fakultetsstyre for perioden 2024 – 2027. Jamfør [UiO sitt valreglement § 3.4, 2. ledd](#), fungerer eit valstyre inntil det nye styringsorganet har valt nytt valstyre.

Samansetning og valperiode

Valstyret skal vera samansett av ein representant kvar av gruppene fast vitskapleg tilsette, teknisk- og administrativt tilsette, mellombels tilsette i undervisning- og forskarstillingar og studentar. Fast vitskapleg og teknisk-administrativt medlem i valkomiteen vert oppnemnd for 4 år, og mellombels tilsett og studentmedlem vert oppnemnd for 1 år.

Valstyret sitt ansvar og oppgåver

UiO sitt valreglement § 3.3:

«Valgstyrer for valg på fakultets- og instituttnivå

Fakultetsstyret oppnevner et fakultetsvalgstyre. Dette har ansvar for følgende valg som avvikles på fakultets- og instituttnivå: valg av dekan og prodekan, instituttleder og stedfortreder for instituttleder, og for valg til fakultetsstyre og instituttstyre/råd. Det kan delegeres til instituttene å gjennomføre valgene. Instituttstyret oppnevner da eget valgstyre. Ved institutter som har råd og ikke styre, oppnevnes valgstyre på instituttnivå av fakultetsstyret. Fakultetsdirektør/instituttleder organiserer et fast valgsekretariat som er underlagt fakultets/instituttvalgstyret.»

Valstyret vil ha ansvar for den praktiske avviklinga av vala, med eit valsekretariat til å støtte seg på. Valstyret tek, med utgangspunkt i valreglementet, avgjerd om valbarheit, stemmerett, og om opplegget for organisering av (dei elektroniske) vala.

Delegering

Representant for gruppene mellombels vitskapleg tilsette og studentar skal oppnemnast årleg, den siste gruppa etter at studentutvalet ved SV har funne sin kandidat. For å sikra at ein til kvar tid har eit fulltalig valstyre er det hensiktsmessig å delegeres den årlege suppleringa av representantar til



valstyret til dekanen. Fakultetsstyret vil verta orientert etter kvar endring i samansetning av valstyret.

Oppnemning av fakultetsvalstyre for val i perioden 2024 – 2027

- Representant for fast vitenskapleg tilsette: Halvor Mehlum, ØI
- Representant for teknisk-administrativt tilsette: Rebecca Haugsjordet Hynes, fakultetsadministrasjonen
- Representant for mellombels vitenskapleg tilsette:
- Representant for studentane: Aurora Stetskevitch Møllersen

Det vert arbeida med å finna ein representant for gruppa vitenskapleg mellombels tilsette. Representanten frå denne gruppa vil vera på plass til hausten innan gjennomføring av val i gruppa mellombels vitenskapleg tilsette for perioden 2025.

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret oppnemner Halvor Mehlum som representant for gruppa fast vitenskapleg tilsette i valstyret ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet for perioden 2024 – 2027.

Fakultetsstyret oppnemner Rebecca Haugsjordet Hynes som representant for gruppa teknisk-administrativt tilsette i valstyret ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet for perioden 2024 – 2027.

Fakultetsstyret oppnemner Aurora Stetskevitch Møllersen som representant for gruppa studentar i valstyret ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet for perioden 2024.

Fakultetsstyret delegerer til dekanen å årleg godkjenne representant for gruppa mellombels vitenskapleg tilsette og studentrepresentant i perioden 2024-2027.

Med helsing

Anne Julie Semb
dekan

Aud Jorunn Sandal
senior rådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

Aud Jorunn Sandal

+4722858224, a.j.sandal@sv.uio.no